



# Masfjorden kommune

## Møtebok

for

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 15.11.2021  
Møtestad: Kommunehuset  
Møtetid: 10:00 - 13:00

Fellesmøte med Eldrerådet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Svein Gunnar Sivertsen		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Marit Haukeland		Arbeidstakar repr.
Anne Kari Mjanger		Arbeidstakar repr.

---

Følgjande frå administrasjonen møtte: Oddvin Neset

---

## Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste	s.
002/2021	Godkjenning av møtebok	s.
003/2021	Referatsak	s.
004/2021	Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025 - høyrings sak	s.
005/2021	Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033 - offentlig ettersyn - høyring	s.
006/2021	Handlingsplan Leve heile livet 2022 - 2024 Masfjorden kommune	s.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 001/2021

RMNF - behandling:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RMNF - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 002/2021

RMNF - behandling:

Møtebok vert godkjend.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RMNF - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/1045

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021

## Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 003/2021

RMNF - behandling:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RMNF - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-033, FE-151	21/1044

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021

## Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025 - høyringssak

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2022 og ØP 2022-2025 (L)(199136)	09.11.2021
Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 (L)(199569)	09.11.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune sitt årsbudsjett for 2022 med handlingsplan og økonomiplan 2022 - 2025 vart i samsvar med kommunelov §14-3, 4. ledd, lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 2. november til 18. november 2021.

Masfjorden kommune sin handlings- og økonomiplan syner kommunen sine prioriteringar i høve til teneste- og samfunnsutviklinga i perioden 2022 – 2025. Handlingsplanen er heimla i plan- og bygningslova §11-1, og økonomiplanen er heimla i kommunelov § 14-4.

Årsbudsjettet for 2022 med handlingsplan og økonomiplan 2022 - 2025 vert endeleg innstilt i formannskapet 22. november og handsama i kommunestyret den 02. desember 2021.

Merknader til årsbudsjett for 2022 med handlingsplan og økonomiplan må kome administrasjonen i hende innan 18. november 2020 kl. 16.00, slik at formannskapet kan få desse lagt fram til drøfting og vurdering på sitt møte den 22.11.

Framlegget til årsbudsjett og økonomiplan vert saman med saksframlegget og vedtaket i formannskapet lagt ved denne saka.

### Vurdering

Det er viktig at kommunale råd drøfter budsjettsaka og kjem med synspunkt innanfor dei områda

råda skal representere.

Konklusjon

Saka vert lagt fram til drøfting.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 004/2021

RMNF - behandling:

Oddvin orienterte om årsbudsjettet 2022 og økonomiplan 2022-2025

Saka vart drøfta

Svein Gunnar Sivertsen uttrykte uro over at fylkeskommunen vurderer å avvikla ordninga med arbeidsøyring til VTA plassane. Rådet delte denne uroa, og meiner kommunen må finne lysingar som sikrar at desse brukarane kjem seg til og frå arbeid dersom Vestland fylkeskommune ikkje vidarefører ordninga.

Rådet for funksjonshemma støttar framlegg til budsjett med følgjande tilleggsmerknad:

Dersom Vestland fylkeskommune ikkje vidarefører ordninga med arbeidskøyring for VTA plassar må Masfjorden kommune finne lysingar som sikrar at desse brukarane kjem seg til og frå arbeid.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RMNF - vedtak:

Rådet for funksjonshemma støttar framlegg til budsjett med følgjande tilleggsmerknad:

Dersom Vestland fylkeskommune ikkje vidarefører ordninga med arbeidskøyring for VTA plassar må Masfjorden kommune finne lysingar som sikrar at desse brukarane kjem seg til og frå arbeid.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-033	20/267

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2021	Eldrerådet	PS	15.11.2021
005/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021

Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033 - offentlig ettersyn - høyring

## Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033 - framlegg	09.11.2021
Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033 - sak i formannskapet	09.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn og fakta:

Formannskapet i Masfjorden kommune vedtok i møte den 18.10.2021 å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

Planframlegget og saksframlegget til formannskapet sitt møte med vedtak vert lagt ved saka. Planen inneheld fakta om trafikktilhøva i kommunen inkludert ulykkeanalyser, og kjem med framlegg til målsettingar og strategiar med tiltak for å betre trafikksikkerleiken i Masfjorden kommune. Tiltaka er fordelt på tre område: Åtferd og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak. Det vert lagt opp til 6 satsingsområde knytt til trafikksikkerleik og i tillegg ligg det føre ein handlingsplan over fysiske tiltak for heile perioden 2021 - 2032. Både plandokumentet og sakframlegget til formannskapet ligg i høringsperioden ute på Masfjorden kommune si heimeside, [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no), under høyringar. Frist for ventuelle merknader til planframlegget er 25 november 2021. Planen skal venteleg slutthandsamast i kommunestyret i desember 2021.

### Vurdering:

Det er viktig at råda i Masfjorden får høve til å koma med fråsegn til planframlegget.



## Eldrerådet - 017/2021

### ER - behandling:

Planen vart drøfta og frist 25.november 2021 for høyringsinnspel vart teke til orientering. Eldrerådet tek Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021-2033 - til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### ER - vedtak:

Eldrerådet tek Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021-2033 - til orientering.

## Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 005/2021

### RMNF - behandling:

Planen vart drøfta og frist 25.november 2021 for høyringsinnspel vart teke til orientering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021-2033 - til orientering.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### RMNF - vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021-2033 - til orientering.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FA-G19, TI-&23	19/214

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2021	Eldrerådet	PS	15.11.2021
006/2021	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.11.2021
105/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021
058/2021	Kommunestyret	PS	02.12.2021

## Handlingsplan Leve heile livet 2022 - 2024 Masfjorden kommune

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Framlegg til Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024	09.11.2021
Notat til styringsgruppa (Formannskapet) juni 2021 Leve heile livet - Masfjorden	09.11.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden komune vert vedteken slik den ligg føre.

Planen skal evaluerast årleg i planperioden.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Regjeringa si kvalitetsreform «Leve hele livet» har som mål at den aldrande delen av befolkninga skal få fleire gode gode leveår, ha god helse lenger og i større grad meistre eige liv. Reforma byggjer på stortingsmelding nr. 15 (2017-2018), og handlar om grunnleggjande faktorar som er sentrale i livet til eldre. Område som har fokus er samfunnsutvikling, kosthald, aktivitet, fellesskap, helsehjelp og sammenheng i tenestene.

Kommunane er oppmoda om å skissere lokale tiltak som kan bidra til å nå måla i reforma. Kommunar som tilpassar seg reforma vert prioritert for offentlege støtteordningar.

#### Vurdering

Kommunestyret gjorde i sak 090/2020 slikt vedtak: Det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal fylje opp reforma «Leve heile livet». Arbeidsgruppa sitt mandat er å vurdere korleis reforma kan tilpassast behova i Masfjorden kommune, og peika på tiltak som er sentrale i innføringa av reforma.

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit grunnlagsdokument som har vore retningsgevande for arbeidet

med handlingsplanen. Handlingsplanen skisserer tiltak med ansvar og planlagt oppstart.

#### Konklusjon

Rådmannen tilrår at «Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden kommune» vert vedteken slik den ligg føre.

#### Eldrerådet - 018/2021

##### ER - behandling:

Oddvin gjekk gjennom handlingsplan og tiltak.

Saka vart drøfta.

Innspel frå Ivar: Masfjordingen bør brukast meir aktivt til å informere om viktige ting. Den når ut til alle, også dei som ikkje les heimesida.

Eldrerådet støttar rådmannen si tilråding.

Eldrerådet meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### ER - vedtak:

Eldrerådet støttar rådmannen si tilråding.

Eldrerådet meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

#### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 006/2021

##### RMNF - behandling:

Oddvin gjekk gjennom handlingsplan og tiltak.

Saka vart drøfta

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar rådmannen si tilråding.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### RMNF - vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar rådmannen si tilråding.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 gjev eit godt grunnlag å styra etter i planperioden.

#### Formannskapet - 105/2021

##### FS - behandling:

Saka vart drøfta, og samrøystes tilrådd overfor Kommunestyret.

FS - vedtak:

Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Planen skal evaluerast årleg i planperioden.

### Kommunestyret - 058/2021

KS - behandling:

Helse- og omsorgsleiar innleia og orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Handlingsplan Leve heile livet 2022-2024 for Masfjorden komune vert vedteken slik den ligg føre.

Planen skal evaluerast årleg i planperioden.

